



Sjugurd var flink til å sette namn på leikane sine, og dei fleste namna fann han i naturen, og han brukte gjerne stadtannan frå området rundt setra i Kleppdalen. Under arbeidet med denne utgjevinga har eg oppdaga at ein del namn og leikar har vore brukt noko om ein annan. Det er mogleg at Sjugurd sjølv har blanda litt namn og leikar.

Eg har brukt namn på leikane slik Sjugurd sjølv gjer det i oppataka eg har brukt som kjelde for denne innspelinga.

Side A

Side B

1. GUERDINGSGJELLEN, springleik

Eva Gjerdings renn frå Heimfjellet, ned i gjennom Kleppdalen og ned til Garmo gjennom eit djupt gjel.

2. BJØYNALIEN, springleik

Like vest for setra til Uppigard Garmo i Kleppdalen ligg Bjørnalle, Bjørnalle på dialekt. Nordgard Garmo, der kona Helene kom frå, har seter i Søre Bjørnalle.

3. ORRELIKEN, halling

I skogen nedanfor setra i Kleppdalen er det mykje orrfugl, derav namnet «orreliken». På Landskappleiken i Porsgrunn i 1967 vann Amund Bjørge A-klassa for første gong med denne hallingen, noko Sjugurd vant svært kry av.

4. BUDETUN PÅ LOKKARHAUG, springleik

Dei fleste seterstulanane hadde kar sin lokkarhaug der budeiene stod når dei lokka heimatt kyne sine. Det er ein lokkarhaug syna for Søre Byrnes, grannesætra til Nørdre Byrnes som også var ei seter tilhøyrande Uppigard Garmo. Leiken er mykje brukt på kappleik. Sjugurd stilte med den i klassa «myskaping» på ein kappleik.

5. HOVDEMILLOETKEN, vals

Denne vant i starten kalla «Brækkeleiken». I området like vest for setra, rett ovafor skogsgrensa, ligg det to hogder, Rundhovden og Langhovden, mellom desse heiter det Hovdemillom. Søre Kleppdalsbekken renn ned der. Sjugurd vandra mykje i dette området.

6. BJØYNNSKARDEN, springleik

Vegen frå Kleppdalen og vidare mot Tessa går i gjennom Bjørnshardet (Bjørnnskardet på dialekt), nær ein passær Bjørnshardet før ein fin utsikt til Tesseljet. I leit oppatkar Sjugurd denne leiken for Hellbergjen.

7. HESTLEITAREN, lyrsått

Denne lyrsåtten er nok den mest kjende leiken Sjugurd har komponert. Leiken laga han då han var i Smådalen og leitte etter ein hest saman med sonen Sigmund. (Leiken blir oftast spilt som ein var og lyrisk lyrsått. Eg har her lagt meig tett opp til oppataket av kofles Sjugurd, et den, som gjev den eit litt anna tempo og rytmene enn det som har vorte vanleg).

Oleifar Sjugurd Garmo (1896–1991), var gardbrukar og spelmann frå Garmo i Lom. Han dreiv garden Uppigard Garmo, der han voks opp saman med mor si, bestemor si og 3 tantar. Han voks opp med mykje musikk rundt seg, og mor hans, Kari, let på trekkspel. Sjugurd var sosial av seg, og det var ofte samta mykje folk på Uppigard. Helene og Sjugurd var gode å spørja når det var bruk for til festlege lag. Det var også mykje folk innom på Uppigard til ei kvar tid, og fel av ofte framme.

Oleifar gav frå seg garden til eldtesonen, Sigmund, omkring 1950. Etter den tida var han og oldemor Helene budeier på setra i Kleppdalen. Opphaldsida på Uppigardssetra i Kleppdalen vart produktiv år for oleifar som komponist. Han var særslig i dr, fjell og natur, og dette gav mykje inspirasjon til slattane hans. Han mente at han høyrde melodiar i naturen rundt seg, og komponerte ofte medan han gjekk i fjellet, noko ein høyer ein i vemolet i musikken hans. Han komponerte både gammaldans- og bygdedansmusikk, og skreiv spesielt mange springleikar. Sjugurd skreiv til saman opp imot 50 slåttar, og dei er kjende for sitt tradisjonelle, men samstundes nytenkande seripreg.

Eg har samla inn ein heil del arkivoppdrag etter oleifar, som dannar grunnlaget for denne utgjevinga. Det er allereie gjeve ut ein del versjonar av noko av slattane hans, men mange av dei er både spelt og forma etter moderne spel, og for det meste larrangert samspele.

Hovudnålet mitt med denne utgjevinga er å gjere tilgjengeleg Sjugurd Garmo sine komposisjonar, med fokus på å lyfte fram det gamle priset han hadde i spelet sitt og i komposisjonane sine. Sjølv om flere av slattane er å høyre både på innspelingar og i konsertsamanheng, er også ein stor del bere å finne gjennom lite tilgjengelege arkivoppdrag.

Eg ynskjer å gå attende til slik Sjugurd spelte slattane – både med tanke på tonalitet, takt og framføring. Eg har hardflikka ei blanding av dei gløymde og uteblane slattane hans, i tillegg til dei eg likar aller best.

Kyrkja i Garmo betydd mykje for Sjugurd, og det var trivelig å kunne gjere oppatka i Garmo kyrkje i november 2023 saman med produsent, teknikar og støttepelar Hans P. Kjorstad.

Garmo/Oslo, vinteren 2023/2024 – Astrid Garmo

1. HELLBERGJEN, springleik

Lik ved setra i Kleppdalen, langs den gamle setenvegen til fjells, ligg Hellberget. Der var det lett å ta ut store steinheller som ma. var bruk til båskile. På nokre oppatak er denne leiken også kalla Bjørnnskarden. Eg brukar namnet Sjugurd brukar på oppatak, og som også Knut Kyk brukar i bokverket, «Slatt og leike» (2012).

2. DEN FØRSTE, vals

Den første valsen Sjugurd lagde.

3. KVITBERGJEN, springleik

Kvitberget er ein liten fjellrygg med ljosberg rett nordafor setra. Medan det var mykje beitedyr i området var dette eit opne område, nå er det attgrod av vegetasjon.

4. KVERKALLEN, halling

Dette er ein lite brukt Halling. Ein kværnkall er akslingen som overforer kraft frå vasshjulet til kværnesteanane ei kvern. Uppigard Garmo hadde kvern i Vulu, ikkje langt frå garden.

5. GÅMME-L-KLEPPDØLEN, springleik

Dette er ein av dei fyra leikane Sjugurd lagde. Gammel-Kleppdalen er nok eit hamn Sjugurd har funne på sjølv.

6. SYNASNO, springleik

I Ottadalen er det mykje vestaver nordavind. Sjugurd sa at han laga denne som ei motvekt mot den sure og kalde nordavinden.

7. BUFAÅRSÅSEN, vals

Bufå (Buford); det å flytte til eller frå setra med buskapen. Etter at Helene og Sjugurd vart kåfolk var dei mykje på setra i Kleppdalen, og dette var noko som betydd mykje for Sjugurd og ga han inspirasjon til å laga musikk. Sjugurd tykte godt det var venodig å flytte ned frå setra om hausten, noko ein høyer på stemminga i slåtten.

Coverbilde: Embia Øverbyte | Fotograf: Leikny Havik Skjæseth | Grafikk: Eva Karlsson

Takk til Roiv Birni som gav meg CD-er med arkivoppdrag. Takk til Hilda Brekke for lån av bokte. Takk til mor og far for hjelp og støtte. Takk til sponsرانe som har gjort innspelinga mogleg; Fond for utøvende kunstnere, Fond for yrд og blide, Norsk senter for folkesmisk og folkedans, Lom Kommune, Arne Birni, Coop Ottadalen, SpareBank1 Lom og Skjåk

SpareBank 1
lom og skjåk

FFUK.no

Fond for
lyd og bilde

FOLENSK
ØG FORKE

coop

Lom

Ottadalen

